



Geir Remme har gjort ein stor restaureringsjobb saman med ungdommane på loftet i gamleskolen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen har ein av fire kommunale ungdomsklubbar i Kvinnherad og no er det ti år sidan klubben kom i gang på loftet i gamleskolen. Frammøtet har vanlegvis vore mellom 10 og 15 ungdommar og det er ungdomsleiar Geir Remme fornøgd med. Men siste vinter svikta frammøtet slik at sesongen vart avslutta ein månad tidlegare enn vanleg. Og nå ved starten av ein ny sesong må det gjerast grep for å få til ein ny giv.**

Difor inviterer Geir interesserte – både unge og foreldre – til ei drøfting onsdag kl. 19. Der er det fleire viktige spørsmål som bør besvarast i tillegg til dette: Kva vil vi eigentleg med ein slik klubb i Uskedalen, hvis den er liv laga?

- Eg stiller meg heilt open. Eg vil til dømes gjerne ha svar på om torsdagen kan vera ein betre klubbdag enn onsdagen og om det kan vera gunstig å gå ned eit klassesteg – frå åttande til sjuande, seier Geir, som er i 90 prosents stilling i ungdomsklubbane.

Det er ikkje noko problem for han å skifte fridag frå torsdag til onsdag.

Ungdomsklubben i Uskedalen heiter Zacko fordi ungdommane stutt tid etter klubbstarten boltra seg på zackosekkar i eit rom som dei "oppdaga" og som dei kalla "hålo". Det er eit av fem rom som ungdomsklubben har til disposisjon og som etterkvart er blitt riktig trivelege og har fått eit særpreg.. Her har Geir og ungdommane gjort ein stor innsats med restaurering og oppussing.

- Kommunen leiger romma av huseigaren Uskedalen Utvikling mot at vi skal pussa dei opp og det har vi i høgste grad gjort. Då vi kom hit for 10 år sidan måtte vi bokstaveleg tale spa oss inn. No har vi lagt ned mange hundre timar med jobbing og dei unge har vore med på dei enklare operasjonane, fortel Geir.

No er restaureringsarbeidet i ferd med å bli fullført og det betyr at klubben, som har slete med svak økonomi, får meir pengar til disposisjon. For 2008 betyr det at den årlege løyvinga på 12.000 kroner står til disposisjon som "frie midlar" og som kan nyttast til drifta. Pengane vil rett og slett kunne nyttast til aktivitet i staden for til materialar og her er Geir open for gode idear som han gjerne tek i mot på onsdag. Han vil også at ungdommen vel eit eige styre i klubben..

Når det gjeld oppslutnaden, har det gjennom alle år vore deltakarar ikkje berre frå Uskedalen, men også frå Herøysund og Rosendal. Dei siste åra har innslaget frå Rosendal vore størst.

Målsettinga er at klubben skal vera ein rufri oog trygg samlingsplass der ungdommane kan gjera kvad ei vil så lenge dei ikkje rusar seg, gjer hærverk eller mobbar kvarandre. I tillegg til å ta eit tak med oppussing har dei hatt til dømes biljard og TV-spill til disposisjon.

- Det sosiale samveret er det viktigste, slår Geir fast.

I alle dei fire klubbane han er ansvarleg for har han registrert at det har vorte meir problematisk å rekruttera dei aller yngste i dei seinare åra.

Det er så mangt som fangar interessa deira.

Av Ola Matti Mathisen



Ungdomsklubben har inngang frå baksida i gamleskolen, frå der Geir står på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)